

Saksnr  
11/17

Utval  
Formannskapet

Møtedato  
04.04.2017

## **REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2018-2029 - UTTALE FRÅ STORD KOMMUNE**

### **Framlegg til vedtak:**

Stord kommune meiner planforslaget viser viktige utviklingstrekk og utfordringar som fylkeskommunen, kommunane og staten må leggja til grunn for si utvikling og sin innsats innan transportsektoren i åra framover.

Stord kommune sluttar seg til planforslaget sine overordna mål og strategiar, og dei enkelte plantema sine mål, delmål, strategiar og tiltak. Stord kommune meiner planforslaget er eit godt grunnlag når fylkeskommunen i neste omgang skal laga investeringsprogram og gjera budsjettvedtak.

Stord kommune vil likevel peika på at utfordringane med å få auka dei økonomiske rammene bør koma tydelegare fram. Stord kommune meiner det bør vera eit eige punkt under plantemaet fylkesvegnettet og i handlingsprogrammet som seier noko om kva som skal til for å få realisert større nye fylkesvegprosjekt, større oppgraderingar på det overordna og det øvrige fylkesvegnettet, og samstundes få nok midlar til å ta att vedlikehaldsetterslepet og stoppa veksten i forfallet.

Stord kommune finn det i den samanheng nærliggjande å peika på at viktige utfordringar for Stord er knytt til korleis og når kommunen i samarbeid med fylkeskommunen skal få realisert større nye fylkesvegprosjekt og større oppgraderingar på deler av det øvrige fylkesvegnettet i Stord kommune. Dei viktigaste større fylkesvegprosjekta for Stord er å få realisert fastsamband til Huglo, bygd gang-/sykkelveg langs Fv67 Litlabøvegen, oppgradert Fv72 Dåfjordvegen (saman med Fitjar kommune), bygd ny veg frå Fv68 Ådlandsvegen/Tysevegen til Fv544 og realisert planane for Fv544 gjennom Leirvik med m.a. ny kollektivterminal og betre tilbod for gåande og syklande.

Når det gjeld fastsamband Huglo, så er dette er eit aktuelt ferjeavløysingsprosjekt. Stord kommune meiner ferjeavløysingsprosjekt bør vera eit eige punkt under plantemaet og i handlingsprogrammet for fylkesvegnettet, og at det må koma tydeleg fram korleis og når ein kan få realisert aktuelle ferjeavløysingsprosjekt.

Stord kommune meiner at det overordna fylkesvegnettet i kommunen må omfatta heile Fv61 Skrivarvegen/ Borggata/ Hystadvegen/ Rommetveitvegen fram til krysset med E39 i nord, Fv58 Vestliven og Fv68 Ådlandsvegen/ Tysevegen fram til Sjukehuset i tillegg til det overordna fylkesvegnettet som går fram av figur 16 i planforslaget.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.04.2017

### **Vedtak**

Stord kommune meiner planforslaget viser viktige utviklingstrekk og utfordringar som fylkeskommunen, kommunane og staten må leggja til grunn for si utvikling og sin innsats innan transportsektoren i åra framover.

Stord kommune sluttar seg til planforslaget sine overordna mål og strategiar, og dei enkelte plantema sine mål, delmål, strategiar og tiltak. Stord kommune meiner planforslaget er eit godt grunnlag når fylkeskommunen i neste omgang skal laga investeringsprogram og gjera budsjettvedtak.

Stord kommune vil likevel peika på at utfordringane med å få auka dei økonomiske rammene bør koma tydelegare fram. Stord kommune meiner det bør vera eit eige punkt under plantemaet fylkesvegnettet og i handlingsprogrammet som seier noko om kva som skal til for å få realisert større nye fylkesvegprosjekt, større oppgraderingar på det overordna og det øvrige fylkesvegnettet, og samstundes få nok midlar til å ta att vedlikehaldsetterslepet og stoppa veksten i forfallet.

Stord kommune finn det i den samanheng nærliggjande å peika på at viktige utfordringar for Stord er knytt til korleis og når kommunen i samarbeid med fylkeskommunen skal få realisert større nye fylkesvegprosjekt og større oppgraderingar på deler av det øvrige fylkesvegnettet i Stord kommune. Dei viktigaste større fylkesvegprosjekta for Stord er å få realisert fastsamband til Huglo, bygd gang-/sykkelveg langs Fv67 Litlabøvegen, oppgradert Fv72 Dåfjordvegen (saman med Fitjar kommune), bygd ny veg frå Fv68 Ådlandsvegen/Tysevegen til Fv544 og realisert planane for Fv544 gjennom Leirvik med m.a. ny kollektivterminal og betre tilbod for gåande og syklande.

Når det gjeld fastsamband Huglo, så er dette er eit aktuelt ferjeavløysingsprosjekt. Stord kommune meiner ferjeavløysingsprosjekt bør vera eit eige punkt under plantemaet og i handlingsprogrammet for fylkesvegnettet, og at det må koma tydeleg fram korleis og når ein kan få realisert aktuelle ferjeavløysingsprosjekt.

Stord kommune meiner at det overordna fylkesvegnettet i kommunen må omfatta heile Fv61 Skrivarvegen/ Borggata/ Hystadvegen/ Rommetveitvegen fram til krysset med E39 i nord, Fv58 Vestlivegen og Fv68 Ådlandsvegen/ Tysevegen fram til Sjukehuset i tillegg til det overordna fylkesvegnettet som går fram av figur 16 i planforslaget.

Stord lufthamn har ei viktig næringspolitisk rolle, særleg for den sørlege delen av fylket.

Lufthamnselskapet har inngått avtale med Samferdselsdepartementet om årleg kompensasjon på 19,7 mill kr i driftsstøtte for perioden 2016-2020.

Det er behov for å utforme ein nærare eigarstrategi for Stord Luftham Sørstokken – i nært samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Målet er å sikre fortsett statlege kompensasjonstilskot og forutseielege driftsvilkår for operatørane.

For å sikra stabilitet og frekvens på Osloruta bør Stord kommune og Hordaland fylkeskommune vurdere å lysa ruta ut på anbud slik Samferdsledepartementet gjer for det statlege regionale flyplassnettet. Anbudet bør i planperioden lysast ut for 4 år om gongen med oppstart frå sommarprogrammet 2019.

## **Handsaming**

Samrøystes vedteke

Habilitet:

Geir Angeltveit, V stilte under debatten spørsmål om eigen habilitet då faren er eigar av Vest Catering AS som leverer mat.

Formannskapet drøfta spørsmålet og fatta følgjande vedtak:

Angeltveit vart samrøystes kjent gild i saka, jf. fvl. § 6 andre ledd.

\*\*\*\*\*

Harry Herstad, Ap kom med framlegg til dei fire siste avsnitta, slik dei ligg føre i vedtaket.

Rådmannen, 08.03.2017

### Dokumentliste

S	08.03.2017		Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - uttale frå Stord kommune
I	28.08.2015	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 Høyring av framlegg til planprogram
I	21.09.2015	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Fwd: RTP - ny frist
I	29.09.2015	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Retting - Planprogrammet for Regional transportplan 2018 - 2029
I	06.04.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedteke planprogram og vidare arbeid
I	09.02.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - info om høyring av planforslag
I	24.02.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyring av planforslag

### Vedlegg

- 1 Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - høyringsbrev
- 2 Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - planforslag februar 2017

### Innleiing (bakgrunn for saka)

Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga, har i brev datert 24.02.2017 sendt planforslag til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018 – 2029 på høyring. Fylkesutvalet gjorde vedtak om å senda planforslaget på høyring i møte 23.02.2017. Høyringsfristen er 07.04.2017 og det vert teke sikte på endeleg vedtak av planen i fylkestinget i juni 2017.

I høyringsbrevet står det at planforslaget i all hovudsak er eit overordna strategisk dokument og at Fylkeskommunen i særleg grad ønskjer innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak.

Planprogrammet var på høyring hausten 2015 og vart vedteke av fylkestinget 29.01.2016.

Stord kommune gav ikkje eigen uttale til planprogrammet. Samarbeidsrådet for Sunnhordland peika i sin uttale m.a. på at kartlegging og vurdering av bruk av finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar bør vurderast som eige prosjekt og prioriterast, og at det er avgjerande med ei sterk involvering frå regionane.

Planarbeidet har hatt ei administrativ prosjektgruppe der m.a. Samarbeidsrådet har vore med. Det har vore halde regionvise dialogmøte med alle kommunane i fylket.

### Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

I innleiinga til planen står det at RTP for Hordaland er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland med mål for alle relevante delar av transportsystemet og for strategiar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar i handlingsprogram og budsjettvedtak samstundes som den og skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Handlingsprogrammet for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver omtalt som tiltak. Handlingsprogrammet er vedlegg til planen.

Planforslaget med handlingsprogram omhandlar ikkje konkrete prosjekt. Konkrete prosjekt og prioritering av prosjekta vil koma i eit eige investeringsprogram for Fylkesvegnettet. Det er lagt opp til at investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017.

Planen har eit tidsperspektiv på 12 år. Behovet for revisjon av planen vert vurdert kvart 4. år i regional planstrategi.

## Planen sitt innhald

Planen er bygd opp med overordna mål og strategiar, utviklingstrekk og utfordringar, økonomiske rammor og overordna prioriteringar i perioden 2018 – 2021, og 5 plantema med eigne mål, delmål, strategiar og tiltak. Dei 5 plantemaa er fylkesvegnettet, kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport, transport i Bergensområdet, Regionsenter og Statlege ansvarsområde.

Planen sitt overordna mål er at «*Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.*»

### *Utviklingstrekk og utfordringar*

Her vert det m.a. peika på store utfordringar på drift- og vedlikehaldssida grunna stort etterslep. Det samla behovet for å ta att vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane, inkludert naudsynt oppgradering, er berekna til 7,3 mrd. kroner.

Vidare vert det peika på at klimavenlege ferjer gir høgare kostnader, at det er ei stor utfordring å sikra tilstrekkeleg finansiering til investeringar og drift innan kollektivtransporten, at med mål om vekst i dei miljøvenlege transportformene er det stort behov for ei forsterka satsing på tilrettelegging for sykkel og gange, at Stord lufthamn Sørstokken har ein lokal verdi for næringslivet på Stord og i deler av Sunnhordland, at båt óg er viktig til persontransport og ikkje berre til godstransport over lange avstandar, at talet på omkomne og alvorleg skadde har gått ned i Hordaland dei siste åra, at transportsektoren er den største kjelda for CO<sub>2</sub>- utslepp i Noreg i dag (31%) og at eit våtare og varmare klima aukar risiko for flaum- og rasfare mv.

### *Økonomiske rammor og overordna prioriteringar i perioden 2018 – 2021*

Her er vist dei overordna økonomiske rammene innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde i samferdselssektoren og økonomiske bindingar for første fireårsperioden. Det går fram at bundne prosjekt som Bergensprogrammet, bompengepakkar og refusjonar i tillegg til standardhevingstiltak på til saman 3,1 mrd. kroner dei neste fire åra gjer at det utanom bompengepakane ikkje er rom for nye enkeltstående investeringsprosjekt på fylkesvegnettet fullfinansiert med fylkeskommunale midlar i perioden 2018 – 2021. Det går og fram at dersom ein skal stoppa veksten i forfallet og ta att vedlikehaldsetterslepet, vil det vera nødvendig med vekst i dei økonomiske rammene i form av auka statlege inntektsoverføringar eller gjennom eit eige statleg program til dette formålet.

Kapitlet omhandlar og ferjeavløysingsmidlar, belønningssmidlar for betre kollektivtransport og mindre bilbruk, tilskotsmidlar for auka bruk av sykkel, bompengefinansiering på fylkesvegnettet, forskottering mv. Under bompengefinansiering står det at Stordpakken er ein av dei nye bompengepakane det i første rekkje er aktuelt å vurdere.

### *Fylkesvegnettet*

Hovudmålet for fylkesvegnettet er at «*Hordaland skal ha eit trafiksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppa veksten i forfallet.*»

Fylkesvegnettet har ei todeling med overordna og øvrig fylkesvegnett. På kartet som viser det overordna og øvrige vegnettet i Hordaland (figur 16), går det fram at Fv545 på vestsida av Stord, Fv59 Verftsvegen, Fv544 gjennom Leirvik og Fv61 Skrivarvegen/Borggata/Hystadvegen fram til krysset med Vestlivegen er del av det overordna fylkesvegnettet. I tillegg er ferjesambanda Stord – Kvinnherad og Jektevik – Hodnanes med tilførselsvegar del av det overordna fylkesvegnettet. Dei andre fylkesvegane på Stord, Fv68 del av Ådlandsvegen og Tysevegen fram til sjukehuset, Fv58 Vestlivegen, Fv61 Rommetveitvegen, Fv67 Litlabøvegen, Fv70 Jensanesvegen/ Vikanesvegen, Fv71 Flyplassvegen og Fv72 Dåfjordvegen er klassifisert som øvrig fylkesvegnett.

Temaet har som delmål at det overordna fylkesvegnettet skal ha samanhangande god standard minst tilsvarande utbetningsstandard og at det øvrige fylkesvegnettet skal utbetrast ved å sikra særleg utsette punkt.

Strategiar for å nå måla er m.a. å prioritera vedlikehald og utbetring framfor nye større vegprosjekt, å auka innsatsen på vedlikehaldssida gjennom å auka rammene til standardhevingsmidlane, å utføra gjennomgåande strekningsvise standardhevingstiltak med vedlikehaldskaraktar kombinert med nye investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet, å utføra punktutbetringar og mindre strekningsutbetringar på det øvrige fylkesvegnettet, å prioritera trygge skulevegar og særlege trafiksikringstiltak rundt skulane, å leggja til rette for auka gange og sykkel mv.

### *Kollektivtransport utanom Bergensområdet*

Hovudmål her er at «*Kollektivtransporten skal gje eit samanhangande grunntilbod med ein hovudstruktur som bind fylket saman.*»

Temaet har som delmål at det samla kollektivtilbodet i Hordaland skal sikra eit rimeleg nivå av mobilitet gjennom gode korrespondansar og omstigingsmoglegheiter i utvalde knutepunkt, at viktige knutepunkt og terminalar skal vera universelt utforma og framstå som effektive og attraktive for dei reisande og innfasing av fornybar energi.

Strategiar for å nå måla er at utvikling av tilbodet og kollektivnettet skal byggja på prinsippa i Kollektivstrategi for Hordaland vedteken i juni 2014, at planlegging og nybygging av ny veginfrastruktur skal ta omsyn til kollektivtransporten, at terminalar, knutepunkt og bytepunkt skal oppgraderast i samsvar med behov og standardkrav, at haldeplassar med stort trafikkgrunnlag skal prioriterast for oppgradering, at framtidige bompengepakkar i fylket skal setja av eigne midlar til kollektivinfrastruktur og at kartlegging av behov skal gjennomførast i planfasen mv.

### *Regionsenter*

Hovudmålet her er at «*Regionsenter skal vera tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.*»

Strategiar for utvikling av regionsenter som trafikale knutepunkt er å styrkja samarbeidet med regionsenterkommunane gjennom Forum for regionsenterkommunar, at det er hovudliner for kollektivtransport mellom regionsentera i fylket, at det er knutepunkt som sikrar enkle byte mellom ulike transportmiddel, å etablera hovudnett for sykkel og prioritera hovudruter og ruter knytt til skule og tilbod til barn og unge, å prioritera skuleveggar for å sikra mjuke trafikantar, å invitera alle regionsentra til å inngå sykkelbyavtale m.v.

### *Statlege ansvarsområde*

Hovudmålet her er at «*Hordaland fylkeskommune skal aktivt fremja regionale interesser inn mot dei statlege ansvarsområda.*»

Strategiar for fylkeskommunen si rolle inn mot det statlege transportansvaret er å arbeida aktivt inn mot sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt i Hordaland, å utvikla dialog med viktige aktørar og å ta ein sterkare posisjon i utvikling av Hordaland og Vestlandet.

### Planen sitt handlingsprogram

Handlingsprogrammet er vedlegg til RTP. Programmet viser tiltak innanfor dei 5 plantemaa for perioden 2018 – 2021.

Under plantemaet *Fylkesvegnettet* er det 6 tiltak:

- Gjennomgå behovslistar for rassikring
- Etablera eit program for trygg skuleveg
- Laga eit arbeidsopplegg for å berekna miljøkonsekvensar av nye vegprosjekt
- Gjennomgå standard i forkant av nye driftskontraktar
- Etablera eit prosjekt som skal sjå på tiltak som rasteplassar, offentlege toalett, ferjekaiar knutepunkt, skilting og utsikt på fylkesvegnettet kopla opp mot reiselivet

Under plantemaet *Kollektivtransport utanom Bergensområdet* er det 3 tiltak:

- Kartleggja behovet og potensialet for å leggja betre til rette for reiselivet sitt behov for kollektivtransport
- Utgreia ei alternativ organisering av transporten for å sikra ei betre samordning innan TT-ordninga
- Evaluera nullutsleppsbiar i drosjenæringa

Under plantemaet *Regionsenter* er det 3 tiltak:

- Etablera eit forum for regionsenterkommunar
- Oppdatera kunnskapsgrunnlaget og setja i gang planarbeid på gang/- sykkeltiltak i regionsentra
- Saman med kommunane, statens vegvesen og private bidra til å utvikla plangrunnlag for utvikling av kollektivterminalar og knutepunkt i regionsentra og ha ein aktiv rolle i å sikra finansiering av prosjekta

Under plantemaet *Statlege ansvarsområde* er det 2 tiltak:

- Vurdera vidareutvikling av eit regionalt partnerskap for store statlege samferdselsprosjekt
- Saman med Stord kommune etablera ein eigarstrategi for vidare drift av Stord lufthamn Sørstokken

Det femte temaet er Transport i Bergensområdet, dette vert ikkje omtalt her.

### **Vurdering**

Rådmannen meiner planen peikar på viktige utviklingstrekk og utfordringar knytt til det å ha eit trafikkisikkert, effektivt og miljøvenleg veg- og transportnett til ei kvar tid. Det er positivt at det er fokus på å styrka vedlikehaldet, å satsa på strekningsvise utbetringar av det overordna vegnettet, å gjennomføra punktutbetringar og mindre strekningsutbetringar på det øvrige vegnettet, å satsa på kollektivterminalar, på tilrettelegging for gåande og syklende m.m. Det er og viktig at fylkesvegnettet spelar saman med riksvegnettet og det kommunale vegnettet for å gje eit best mogleg og trafikkisikkert tilbod til alle til ei kvar tid. Rådmannen kan slutta seg til overordna mål og strategiar, og hovudmål, delmål, tiltak og strategiar under kvart av plantemaa. Planforslaget med sine mål, delmål, strategiar og tiltak er eit godt grunnlag når det i neste omgang skal utarbeidast investeringsprogram og konkrete prosjekt skal prioriterast.

Det er peika på at det vil vera nødvendig med vekst i dei økonomiske rammene i form av auka statlege inntektsoverføringar eller å få eit eige statleg program til føremålet for å auka vedlikehaldsinnsatsen og stoppa forfallet på fylkesvegnettet.

Det er vanskeleg å sjå korleis og når ein skal få gjennomført nye større vegprosjekt både på det overordna og det øvrige vegnettet når ein skal prioritera vedlikehald og utbetring framfor større vegprosjekt slik det er foreslått, og når etterslepet og behovet er så stort og langt større enn det som er tilgjengelege midlar i dag. Rådmannen meiner det bør vera eit eige punkt under plantemaet fylkesvegnettet og i handlingsprogrammet som seier noko om kva som skal til og korleis ein skal arbeida for å få realisert større nye fylkesvegprosjekt, større oppgraderingar på det overordna og det øvrige fylkesvegnettet og korleis ein samstundes skal få nok midlar til å ta att vedlikehaldsetterslepet og stoppa veksten i forfallet. Det bør koma tydleg fram korleis ein skal arbeida for å få auka dei økonomiske rammene.

Viktige utfordringar for Stord er knytt til korleis og når kommunen i samarbeid med fylkeskommunen skal få realisert større nye fylkesvegprosjekt og større oppgraderingar på deler av det øvrige fylkesvegnettet i Stord kommune.

Sjølv om det i denne omgang ikkje skal handla om konkrete prosjekt, finn rådmannen det likevel nærliggjande å peika på at dei viktigaste større fylkesvegprosjekta for Stord er å få realisert fastsamband til Huglo, bygd gang-/ sykkelveg langs Fv67 Litlabøvegen, oppgradert Fv72 Dåfjordvegen (saman med Fitjar kommune), bygd ny veg frå Fv68 Ådlandsvegen/Tysevegen til Fv544 i Sæ og realisert planane for Fv544 gjennom Leirvik med m.a. ny kollektivterminal og betre tilbod for gåande og syklende.

Når det gjeld fastsamband Huglo, så er dette er eit aktuelt ferjeavløysingsprosjekt. Rådmannen meiner ferjeavløysingsprosjekt bør vera eit eige punkt under plantemaet og i handlingsprogrammet for fylkesvegnettet, og at det må koma tydeleg fram korleis og når ein kan få realisert aktuelle ferjeavløysingsprosjekt.

Når det gjeld klassifisering av det overordna og øvrige fylkesvegnettet slik det er vist i figur 16 i planforslaget, så meiner rådmannen at heile Fv61 Skrivarvegen/ Borggata/ Hystadvegen/ Rommetveitvegen fram til krysset med E39 i nord, og ikkje berre til krysset med Vestlivegen, bør vera del av det overordna fylkesvegnettet. Rommetveitvegen frå krysset med Vestlivegen og nordover er tilkomsten til Høgskulen på Vestlandet og vegen knyter resten av Fv61 saman med E39 i nord.

Fv58 Vestlivegen bør og vera del av det overordna fylkesvegnettet då denne vegen óg knyter Fv61 saman med E39.

Fv68 Ådlandsvegen/ Tysevegen fram til sjukehuset bør óg vera del av det overordna vegnettet. Vegen er tilkomst til Sjukehuset og er av den grunn ein viktig veg m.a. i beredskapssamanheng.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at formannskapet sluttar seg til planforslaget med dei merknader og innspel som går fram av framlegg til vedtak.